



Festidalen er godt igang med planleggjinga av neste års festival.

Festivalleiinga ynskjer fleire besøkande og meiner det ligg eit stort potensial i båtfolket.

Vi har ei innbydande og populær gjestehamn i Uskedalen, og Festidalen kan ikkje tru anna enn at også båtgjester likar å gå på festival.

I sommar var det berre ei handfull festivaldeltakarar som kom sjøvegen, noko som vêret må ta ein del av skulda for. Men til no har ikkje Festidalen vore kjent for å by på folkefest for båtfolket, til skilnad frå ei rekke andre festivalar.

Festivalleiinga har ein heil del tankar kring kva aktivitetar og tilbod ein kan lokke med, og er klare til å gå i gong med planlegginga så fort som råd.

Festidalen ynskjer derfor å kome i kontakt med personar/grupper som vil vere med å løfte Uskedalen og Kvinnherad til å bli eit attraktivt reisemål for båtturistar første helga i august .

Ta kontakt med Festidalen på post@festidalen.no eller telefon 48 16 08 01. Festidalen ynskjer alle ei strålende helg

Åsmund Lilleaas